



## Kulturhistorisk undervisningstilbod til grunnskulen i Nordhordland

### Ein smak av kystbondens kvardag

Dette opplegget er eit samarbeid mellom Museumssenteret i Hordaland v/ Lyngheisenteret, Brørvikskuta og Den Kulturelle Skulesekken.

**Klassesteg:** 5. -7. klasse

**Tid:** 11. - 12. - 13. september 2018

**Stad:** Lyngheisenteret og om bord i Brørvikskuta som ligg til kai på Lygra.  
Opplegget varer ca 4 timer, slik at det vert eit heildagsprogram på Lygra  
frå ca kl 9 til ca 13.30 .

#### Mål

Elevane skal gjennom å delta i ulike aktiviteter lære om levekår Nordhordland første halvdel av 1900-talet, med fokus på lokal råvarer, næringskjelder og sentrale ferdigheter folk måtte ha.

Elevane skal få ei forståing av endringar i kultur og samfunn frå fiskarbonden tidleg 1900-tal til vår eiga tid. Brørvikskuta har historie som fraktebåt frå Osterfjorden til Bergen. Gjennom deltaking om bord skal elevane også få ei forståing av kor viktig og sentralt det var med kunnskap om båtar og sjømannskap.

#### Aktiviteter

Det vert lagt til rette ulike stasjonar med aktiviteter elevane skal delta i. Alle elvane får vera med på 2 – 3 ulike aktivitetar. Kring kvar aktivitet vert det samtale som råstoff, arbeidsprosessar, lokale tradisjonar og kunnskap folk måtte ha. Alle samlast til eit felles måltid ca 11.30 der elevane gjerne fortel om dei ulike næringskjeldene og arbeidet dei har vore med på. Dette skal vera eit kvardagsmåltid frå tidleg 1900-tal.

## Dei ulike aktivitetsstasjonane:

Den tid sjøen var vegen.



Aktiviteter om bord i Brørvikskuta

Her skal elevane lære om sjømannskap og båtvett. Dette vert tilpassa ver og vind

- **Segling på fjorden** om veret tilet det, evt roing.
- Lære om **tauverk og knutar**. Kvifor var dette viktig kunnskap?

**Fiskarbonden sitt næringsgrunnlag.** Lokale tradisjonar i Nordhordlandsbygdene slik dei har vore fram til byrjinga av 1900-talet. Aktivitetar som handlar om å hauste og bearbeide ulike råvarer.

**Fiske til eige hushald.** Fisk var ein svært viktig ressurs for kystbonden.

Elevane er med og sløyer og steiker fisk. Om veret er lageleg får nokre elvar vere med å dra opp gran.

**Mjølk:** Smør i hushaldet og som handelsvare.

Elevane kinnar smør, vaskar og saltar det før bruk.

**Korn:** Ulike typar korn har ulike eigenskapar og dei lokale kornsortane har prega brødtypane og mattradisjonane. Maling av korn på handkvern. Lage vassgraut og stompekaker eller sveler.

**Potet:** Poteta ei ny, men sentral næringskjelde som berga liv i dårlege år.

Elevane er med å ta opp potet frå åkeren. Bake potetkaker eller koke potetsuppe.

**Kjøt:** Kva kjøt vart brukt i hushaldet. Konservering og bearbeiding.

Elevane er med og lagar kjøttmat.

---

### Ettermiddagstilbod med Brørvikskuta, mogeleg å overnatting :

Nytt av året er at Brørvikskuta også kan ta i mot ei gruppe for segling om ettermiddagen 11 og 12 .september mellom kl 14 til 18 , etter nærmere avtale.

Det er også mogeleg for klassen å ta med telt og soveposar og overnatte i Naustvika ( like nedanfor Lyngheisenteret ) . Er de interessert ta gjerne ein telefon om dette eller send ein e-post.

**Undervisningstilboden** er eit samarbeid mellom Museumssenteret i Hordaland, Brørvikskuta og Den Kulturelle Skulesekken . Tilboden er gratis for skulane, skyss må den enkelt skule betale og ordne med sjølv.

For skular i Lindås kommune ta kontakt med kulturkontoret.

**Info og påmelding til Lyngheisenteret v/ Torhild Kvingedal  
tlf. 56356410 / 95158756 e-post: [torhild@lyngheisenteret.no](mailto:torhild@lyngheisenteret.no)**

**Påmelding innan 22.august første mann til mølla, ver raskt ute om de ynskjer å vera med !**